



Fylkesmannen i Rogaland
Utdanningsavdelinga

Tilsynsrapport

**Tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver 2010 i eit
utval grunnskolar i Sandnes kommune**

Stavanger 13.05.2011

INNHALD:

2.1	Generelt	4
2.2	Aktivitetane i tilsynet	5
3.1	Påmelding	6
3.1.1	Rettsleg krav	6
3.1.2	Dokumentasjon og vurdering	6
3.1.3	Konklusjon.....	7
3.2	Fritak	7
3.2.1	Rettsleg krav	8
3.2.2	Dokumentasjon og vurdering	8
	Dokumentasjon	8
3.3	Fråvær	12
3.3.1	Rettslege krav	13
	Dokumentasjon	13
3.4	Resultatregistrering.....	14
3.4.1	Rettsleg krav	14
3.4.2	Dokumentasjon og vurdering	14
3.4.3	Konklusjon.....	15
4	Pålegg om endring	16
5	Oppfølging.....	17
6	Klagerett.....	17
Vedlegg 1: Dokumentgrunnlag for tilsynet		
Vedlegg 2: Skjema Resultat		
Vedlegg 3: Rettsgrunnlag		

1. Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er gjennomføringa av nasjonale prøver på skolane.

Målet med nasjonale prøver er å vurdere i kva grad skolen lukkast med eit viktig mål med grunnopplæringa; å utvikle eleven sin grunnleggjande dugleik i lesing, rekning og engelsk. Prøvene skal gi informasjon til elevar, føresette, lærarar, skoleeigarar, dei regionale styresmaktene og det nasjonale nivået som grunnlag for forbetnings- og utviklingsarbeid.

Elevane pliktar å ta del i dei nasjonale prøvene. Kommunen som skoleeigar pliktar å leggje til rette for at prøvene blir gjennomførde som føresett. Intensjonen frå sentralt hald er at flest mogleg av elevane tek del i prøvene.

Føremålet med tilsynet er å syte for at lovgjevar sin intensjon om at flest mogleg skal ta del i nasjonale prøver, blir gjennomført i praksis på skolane.

For å nå målet, undersøker Fylkesmannen om kommunen, som skoleeigar, ser til at dei nasjonale prøvene blir gjennomførde i tråd med dei rettslege krava, særleg korleis elevar blir fritekne frå prøvene. I tillegg omfattar tilsynet påmeldinga til prøvene, høve til å ta prøvene i ettertid og resultatregistreringa:

Påmelding	<ul style="list-style-type: none">• <i>Blir elevane melde opp til dei nasjonale prøvene?</i>
Fritak	<ul style="list-style-type: none">• <i>Er skolen sin fritakspraksis i samsvar med lova?</i>
Fråvær	<ul style="list-style-type: none">• <i>Har elevar med fråvær på prøvedagen fått høve til å ta prøva i ettertid?</i>
Resultatregistrering	<ul style="list-style-type: none">• <i>Er resultatene registrerte for alle elevane som har gjennomført prøva i lesing?</i>

Dei aktuelle lovreglane om temaet går fram av forskrift til opplæringslova (forskr) § 2-4. I tillegg kjem forvaltningslova (fvl) og ulovfesta reglar om god forvaltningsskikk til bruk på avgjerder om fritak frå nasjonale prøver. Dei forvaltningsrettslege reglane skal først og fremst sikre gode og rette avgjerder ved at sakene blir godt førebudde og grunngjevne. Dei forvaltningsrettslege krava til fritaksvedtak er slik sett sentrale for tilsynet.

Generelt er det opplæringslova § 14-1, 2. og 3. ledd som heimlar Fylkesmannen sitt tilsyn på tema i opplæringslova (oppl). Vi nemner også at sjølv om tema som blir undersøkt, fører med seg ansvar og plikter for skolane, er det kommunen som skoleeigar som har det overordna ansvaret for at føresegnene blir følgde, jf oppl §§ 13-1 og 13-10, 1. ledd.

2. Gjennomføring av tilsynet

2.1 Generelt

Gjennomføring av nasjonale prøver (NP) er tema for tilsyn våren 2011 i Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Oppdraget er gitt av Utdanningsdirektoratet.

I tilsynet undersøker Fylkesmannen gjennomføringa av prøvene frå hausten 2010. Desse omfattar tre prøver og tre årstrinn. Tilsynet er avgrensa til prøvene i lesing og rekning på 5. og 8. trinn. Når det gjeld temaet resultatregistrering, avgrensar tilsynet seg til prøvene i lesing.

I val av tilsynsobjekt er det lagt vekt på vurdering av risiko og prioritet knytt til gjennomføringa av nasjonale prøver. Tal både frå grunnskolen sitt informasjonssystem, GSI, og frå det prøveadministrative systemet, PAS, ligg til grunn for vurderingane. Valet av tilsynsobjekt er også gjort i samheng med andre statlege tilsyn i kommunen.

Vi har valt ut skolar i tre kommunar. I tillegg til Sandnes kommune, er også Hå kommune og Klepp kommune omfatta. I Sandnes kommune er desse skolane undersøkte:

- Aspervika skole
- Austrått skole
- Kyrkjevollen skole
- Stangeland skole
- Trones skole
- Giske ungdomsskole
- Høyland ungdomsskole
- Lundehaugen ungdomsskole
- Lurahammaren ungdomsskole
- Riska ungdomsskole

I samsvar med oppdraget skal tilsynet gjennomførast som eit skriftleg tilsyn utan intervju eller møte på staden. Dette har lagt føringar for kva som er føremålstenleg å undersøkje i tilsynet, sjå nærare i kapittel 3 og vedlegg III om kva konkrete rettskrav som inngår. Vi strekar under at tilsynet ikkje omfattar *bruken* av dei nasjonale prøvene korkje på skole- eller kommunenivå. Kommunen og skolane sine forsvarlege system på dette området, jf opplæringslova § 13-10, 2. ledd, har heller ikkje blitt undersøkt direkte. Dette kravet blir likevel trekt inn ved utforminga av eventuelle pålegg om endring i kapittel 4.

2.2 Aktivitetane i tilsynet

Tabellen nedanfor viser gjennomførde og planlagde aktivitetar i tilsynet:

Tid	Tilsynsaktivitet
14.01.2011	Varsel om tilsyn med pålegg om innsending av dokumentasjon
06.04.2011	Førebels tilsynsrapport med uttalefrist (varsel på førehand)
04.05.2011	Eventuell uttale frå kommunen
20.05.2011	Endeleg tilsynsrapport (med vedtak om evt. pålegg om endring)
20.08.2011	Tilbakemelding frå kommunen på pålegg om endring

Tabellen nedanfor viser deltakarar i tilsynet:

Aktør	Namn
Fylkesmannen	Una Bjørnseth Wereide, Margot Bergesen, Aud Selnes
Kommunen (kontaktperson)	Harald Nedrelid

2.3 Dokumentgrunnlag

Dokumentgrunnlaget omfattar både statistikk, rettsgrunnlag og skriftleg dokumentasjon send inn frå skolane.

Statistikk:

- Rapportar over tal elevar på 5. og 8. trinn (GSI)
- Rapportar over tal elevar som er påmelde, fritekne, som ikkje har teke del og som manglar resultatregistrering (PAS)

Rettsgrunnlag:

- Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

Dokumentasjon frå skolane / kommunane:

- Vedtak om fritak og tilhøyrande vedtak om spesialundervisning, jf. opplll kap 5 eller tilhøyrande vedtak om særskild språkopplæring, jf. opplll § 2-8
- Utfylde spørjeskjema
- Eventuell annan dokumentasjon (rutinar osb)

For meir informasjon om den skriftlege dokumentasjonen viser vi til vedlegg I til rapporten. For fleire referansar til rettskjelder, sjå vedlegg III.

3. Tilsynsresultat

Dei rettslege krava er ikkje utførleg utforma, men er primært framstilte gjennom konkrete kontrollpunkt. Utdjupande informasjon om rettslege krav følgjer i staden som vedlegg III.

Rettsgrunnlaget handlar i første rekkje om § 2-4 i forskrift til opplæringslova om deltakings- og gjennomføringsplikta og høve til fritak. Vi viser difor til forskriftsteksten 1. og 2. ledd:

Elevar skal delta i prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsette av departementet. Skoleeigaren skal sørge for at dette blir gjennomført.

For elevar som får spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova, og når det dessutan er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven, kan skolen gjera vedtak om å fritake eleven frå å delta i prøvene. Det same gjeld grunnskoleelevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og elevar som går i vidaregåande opplæring, og som følgjer individuell opplæringsplan i norsk. Eleven sjølv eller foreldra eller dei føresette kan likevel bestemme at eleven skal ta prøvene.

3.1 Påmelding

Som ledd i plikta til å gjennomføre nasjonale prøver, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd, må skoleeigar sjå til at skolen melder opp alle elevane på det aktuelle årstrinnet i PAS. Å ikkje melde opp elevar medfører at reelle fritak frå nasjonale prøver blir skjulte, at resultat av nasjonale prøver blir upålitelege, og at det blir vanskeleg å kontrollere om fritaka var lovlege. Oppfylginga av denne plikta er difor viktig for å følgje opp lovgjevar sitt mål om at flest mogleg elevar skal ta del i nasjonale prøver.

3.1.1 Rettsleg krav

1. Skolen melder opp alle elevane på det aktuelle trinn i PAS, forskrift § 2-4, 1. ledd

3.1.2 Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon

På **Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar og Riska ungdomsskole** er det samsvar mellom elevtalet i GSI og påmelde til nasjonale prøver i PAS. **Austrått skole** har ein differanse på 1 mellom GSI og PAS. Skolen har registrert ein elev meir i PAS enn i GSI i lesing, og ein elev mindre i PAS enn i GSI i rekning. **Aspervika skole** har ein differanse mellom GSI og PAS på 9 elevar. Desse elevane går i eigen innføringsklasse i norsk for språklege minoritetar. **Giske ungdomsskole** har ein differanse mellom tal frå GSI og

påmelde i PAS på 13 elevar i lesing og 11 i rekning. Dette er elevar som går i ei innføringsklasse for språklege minoritetar. **Høyland ungdomsskole** har ein differanse mellom tal frå GSI og påmelde i PAS på 11 elevar i lesing og 9 i rekning. 6 elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5.1, blei ikkje registrerte i PAS. 2 elevar gjekk i innføringsklasse på Giske ungdomsskole hausten 2010. 3 elevar i lesing og 1 elev i rekning blei ikkje påmelde fordi rektor avventa sakkunnig vurdering som kunne gi rett til fritak. **Lundehaugen ungdomsskole** har differanse mellom registrerte i GSI og påmelde i PAS på 1 elev i lesing. Differansen skuldast at 1 elev byrja på skolen etter at leseprøva blei gjennomført, eleven deltok dermed berre på prøva i rekning. **Lurahammaren ungdomsskole** har differanse mellom registrerte i GSI og påmelde i PAS på 3 elevar i lesing og rekning. Differansen skuldast bruk av alternativ opplæringsarena utanfor skolen.

Vurdering.

Alle elevane ved ein skole skal meldast på til nasjonale prøver i PAS. Elevar med vedtak om spesialundervisning og/eller særskild språkopplæring skal også meldast på til nasjonale prøver. Dei kan registrerast som fritekne om krava til fritak er oppfylde og rektor gjer vedtak om dette, jf. § 2-4 i forskrift til opplæringslov. Dette gjeld også elevar i innføringsklasser.

3.1.3 Konklusjon

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane melder opp alle elevane på dei aktuelle trinna i PAS.

3.2 Fritak

For å nå målet med dei nasjonale prøvene, er det viktig at skolen ikkje fritek fleire frå deltakingsplikta enn det forskrifta § 2-4, 2. ledd opnar for. Følgjande to vilkår må vere oppfylde for at fritak eventuelt skal kunne bli gitt:

- Eleven får spesialundervisning etter oppl. kap. 5 eller særskild språkopplæring etter oppl. § 2-8
- Det er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa av eleven.

Det første vilkåret inneber at eleven, som blir friteken, må ha vedtak om spesialundervisning eller særskild språkopplæring. Det andre vilkåret tilseier at det må gjerast ei konkret vurdering av at resultatet av dei nasjonale prøvene ikkje har mykje å seie for opplæringa av den aktuelle eleven. Vurderinga må gjerast for kvar enkelt prøve. Det er omsynet til eleven og hennar/han sitt utbytte av prøva som er avgjerande.

Frå lovgjevar si side har meininga vore å inkludere flest mogleg i dei nasjonale prøvene. Dette blir reflektert gjennom vilkåra ovanfor og ved at elevar og føresette har fått rett til å krevje deltaking trass i eit eventuelt fritak frå skolen.

Skolen si avgjerd om at ein elev skal fritakast frå plikta til å ta del i nasjonale prøver eller ikkje, er eit enkeltvedtak. Difor gjeld ei rekkje forvaltningsrettslege krav, til dømes tydelege vedtak, individuell vurdering og grunngjeving. For å sikre korrekt informasjon om gjennomføringa av nasjonale prøver, skal talet på fritekne registrerast i PAS.

3.2.1 Rettsleg krav

2. Skolen registrerer rett tal fritekne i PAS, jf. forskrift til oppl § 2-4, 1. ledd
3. Før fritaksvedtak blir gjort, informerer skolen føresette til elevar som blir fritekne, om retten til å krevje deltaking, jf. fvl § 11
4. Skolen gir føresette høve til å uttale seg om saka før fritaksvedtak blir gjort, jf. fvl §§ 16 og 17
5. Skolen gjer skriftege enkeltvedtak om fritak, jf. fvl § 23
6. Vedtaka viser til rett heimel, jf. forskrift til oppl § 2-4 og fvl § 25
7. Skolen fritek berre elevar som har eit gjeldande vedtak om spesialundervisning etter oppl kap 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. forskrift § 2-4, 2. ledd
8. Vedtaket viser til at eleven får spesialundervisning etter oppl kap 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. fvl § 25
9. Vedtaket viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva/prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven. Det skal gjerast ei konkret vurdering for kvar enkelt prøve, jf. fvl § 25, god forvaltningsskikk og forskrift til oppl § 2-4, 2. ledd
10. Vedtaket er klart nok med omsyn til kva prøver det er gjort fritak for, jf. god forvaltningsskikk
11. Vedtaket inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking, jf. fvl §§ 11 og 25

3.2.2 Dokumentasjon og vurdering

Rettsleg krav 2. Skolen registrerer rett tal på fritekne i PAS, forskrift § 2-4, 1. ledd

Dokumentasjon

Kyrkjevollen og Stangeland skolar, og Lundehaugen og Lurahammaren ungdomsskolar melder alle at talet på fritekne i PAS er rett. **Aspervika skole** har ikkje fritekte 9 elevar i innføringsklasse. **Austrått skole** melder at dei skulle ha fritekte 4 elevar til i lesing og rekning. **Trones skole** informerer om at dei skulle ha fritekte ytterlegare 3 i lesing og 1 i rekning. **Giske ungdomsskole** melder at talet på fritekne i rekning er rett, men at dei skulle ha fritekte 2 til i lesing. **Høyland ungdomsskole** skriv at dei skulle ha fritekte 8 elevar både i lesing og rekning. **Riska ungdomsskole** melder at dei skulle ha fritekte ytterlegare 2 i lesing og 7 i rekning.

Vurdering.

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane registrerer rett tal på fritekne i PAS.

Rettsleg krav 3. Før fritaksvedtak blir gjort, informerer skolen føresette til elevar som blir fritekne, om retten til å krevje deltaking, jf. fvl § 11

Dokumentasjon

Kyrkjevollen skole og Giske og Lurahammaren ungdomsskolar har informert føresette skriftleg om retten til å krevje deltaking. **Aspervika, Austrått og Stangeland skolar, og Høyland, Lundeaugen og Riska ungdomsskolar** har gjeve denne informasjonen munnleg til føresette for aktuelle elevar. **Trones skole** melder at dei ikkje har informert føresette.

Vurdering

Trones skole skulle ha informert foreldra om retten til å krevje deltaking, jf. fvl § 11. Ut frå opplysningar frå skolane er det usikkert om Austrått og Riska har gitt naudsynt informasjon.

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane har informert føresette om retten til å krevje deltaking før vedtak blei gjort.

Rettsleg krav 4. Skolen gir føresette høve til å uttale seg om saka før fritaksvedtak blir gjort, jf. fvl § 16 og 17

Dokumentasjon

Aspervika, Austrått og Stangeland skolar og Høyland, Lurahammaren og Riska ungdomsskolar har etter Fylkesmannens forståing gjeve føresette høve til å uttale seg munnleg før vedtak om fritak blei gjort. **Kyrkjevollen skole, og Giske ungdomskole** har fått skriftleg tilbakemelding frå føresette før vedtak. **Lundeaugen ungdomsskole** har ingen vedtak om fritak frå nasjonale prøvar. **Trones skole** melder at skolens rutinar har vore mangelfulle.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane gir føresette høve til å uttale seg før vedtak blir gjort.

Rettsleg krav 5. Skolen gjer skriftege enkeltvedtak om fritak, jf.fvl § 23

Dokumentasjon

Riska ungdomsskole gjer skriftlege enkeltvedtak om fritak frå nasjonale prøvar. **Aspervika skole, og Høyland og Lurahammaren ungdomsskolar** gjer skriftleg enkeltvedtak for ein del av elevane dei fritak. **Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar, og Giske ungdomsskole** kan ikkje dokumentere at dei fattar skriftlege enkeltvedtak om fritak. **Lundehaugen** har ikkje hatt elevar å frita i 2010.

Vurdering

Fylkesmannen vil vise til forvaltningslova sine krav til eit enkeltvedtak. Det skal blant anna vise kva det er fatta vedtak om, heimel og grunngjeving, og det skal vere datert. Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane gjer vedtak om fritak frå nasjonale prøver i samsvar med lova.

Rettsleg krav 6. Vedtaka viser til rett heimel, jf. forskrift til oppl § 2-4 og fvl § 25

Dokumentasjon

Aspervika skole og Høyland og Riska ungdomsskolar sine vedtak viser til rett heimel for fritak, jf. forskrift til oppl § 2-4. **Lurahammaren ungdomsskole** viser ikkje til rett heimel i sine vedtak om fritak. **Lundehaugen skole** har ikkje hatt grunn til å gjere vedtak. Dei andre skolane viser ikkje til rett heimel i vedtak om fritak frå nasjonale prøvar.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane viser til rett heimel i vedtaka om fritak frå nasjonale prøver, jf. forskrift til oppl § 2-4 og fvl § 25.

Rettsleg krav 7. Skolen fritak berre elevar som har eit gjeldande vedtak om spesialundervisning etter oppl kap 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. forskrift til oppl § 2-4

Dokumentasjon

Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar og Giske ungdomsskole gjer ikkje vedtak om fritak frå nasjonale prøvar. **Høyland og Riska ungdomsskolar** gjer ikkje vedtak om fritak berre for elevar med vedtak om spesialundervisning eller særskild språkopplæring. Dokumentasjonen viser at **Aspervika skole og Lurahammaren ungdomsskole** gjer vedtak om fritak frå nasjonale prøver berre for dei elevane som har rett til dette.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at skolane fritak berre elevar som har eit gjeldande vedtak om spesialundervisning etter kap. 5, eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. fvl. § 25.

Rettsleg krav 8. Vedtaket viser til at eleven får spesialundervisning etter oppll kap 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. fvl § 25

Dokumentasjon

Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar, og Giske ungdomsskole gjer ikkje vedtak om fritak frå nasjonale prøvar. **Aspervika skole og Lurahammaren og Riska ungdomsskolar** viser i vedtaket til at eleven får spesialundervisning eller særskild språkopplæring. **Høyland ungdomsskole** viser ikkje til dette i sine vedtak om fritak.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at vedtaka viser til at eleven får spesialundervisning etter oppll kap. 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8, jf. fvl § 25

Rettsleg krav 9. Vedtaket viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva/prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven. Det skal gjerast ei konkret vurdering for kvar enkelt prøve, fvl § 25, god forvaltningsskikk, forskr § 2-4, 2. ledd

Dokumentasjon

Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar, og Giske ungdomsskole gjer ikkje vedtak om fritak frå nasjonale prøver, og spørsmålet går med det ut. **Aspervika skole og Høyland og Riska ungdomsskolar** gjer ikkje ein individuell vurdering i vedtaka. **Lurahammaren ungdomsskole** viser delvis til ei individuell vurdering i vedtaka.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at vedtaka om fritak frå nasjonale prøver viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva/prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa tile eleven. Det skal gjerast ei konkret vurdering for kvar enkelt prøve, jf. fvl § 25, god forvaltningsskikk og forskrift til oppll § 2-4, 2.ledd.

Rettsleg krav 10. Vedtaket er klart nok med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå, jf. god forvaltningsskikk

Dokumentasjon

Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar og Giske ungdomsskole gjer ikkje vedtak om fritak frå nasjonale prøver. **Aspervika skole** sine vedtak om fritak er ikkje klare på kva for prøve fritaket gjeld. Vedtaka til **Høyland, Lurahammaren og Riska ungdomsskolar** er klare nok med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at vedtaka er klare nok med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå, jf. god forvaltningsskikk.

Rettsleg krav 11. Vedtaket inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking, jf. fvl §§ 11 og 25

Dokumentasjon

Austrått, Kyrkjevollen, Stangeland og Trones skolar, og Giske ungdomsskole gjer ikkje vedtak om fritak frå nasjonale prøver. **Aspervika skole, og Høyland, Lurahammaren og Riska ungdomsskolar** inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane gjer enkeltvedtak som inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking, jf. fvl §§ 11 og 25.

Konklusjon

Sandnes kommune har ikkje sikra at skolane praktiserer fritak frå nasjonale prøver i samsvar med lova.

Dei undersøkte skolane i Sandnes kommune oppfyller samla sett *ikkje* følgjande kontrollpunkt knytt til fritak:

- Skolane registrerer rett tal fritekne i PAS
- Skolen informerer føresette til elevar som er fritekne, om retten til å krevje deltaking før vedtak om fritak blir gjort, jf. fvl § 11
- Skolane gjer skriftlege enkeltvedtak om fritak
- Vedtaka viser til rett heimel, jf. forskrift til oppll § 2-4
- Skolane fritek berre elevane som har eit gjeldande vedtak om spesialundervisning etter oppll kap 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8
- Vedtaka viser til at eleven får spesialundervisning etter oppll kap. 5 eller særskild språkopplæring etter § 2-8
- Vedtaka viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva/prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven. Det skal gjerast ei konkret vurdering for kvar enkelt prøve
- Vedtaka er tilstrekkeleg klare med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå
- Vedtaka inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking

3.3 Fråvær

Skoleeigar skal syte for at skolane handhevar elevane si plikt til å ta del i nasjonale prøver, jf. forskrift § 2-4, 1.ledd. Det finst likevel legitime grunnar til fråvær på prøvedagen, til dømes

sjukdom. For å sikre at alle elevane har høve til å ta del i nasjonale prøver, må skolen leggje til rette for at fråverande kan ta prøva i ettertid. Dessutan skal eventuelle ikkje-deltakarar registrerast i PAS.

3.3.1 Rettslege krav

12. Skolen registrerer rett tal i PAS på elevar som ikkje tek del i prøvene, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd

13. Skolen gir fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva i ettertid, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd

3.3.2 Dokumentasjon og vurdering

Rettsleg krav 12. Skolen registrerer rett tal i PAS på elevar som ikkje tek del i prøvene, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd

Dokumentasjon

Aspervika og Kyrkjevollen skole har ingen elevar registrerte som ikkje deltekne. **Austrått skole** melder at dei hadde 1 elev som ikkje deltok i prøva i lesing, og 2 som ikkje deltok på prøva i rekning. Desse elevane er ikkje førte som ikkje deltekne i PAS. **Stangeland skole** registrerte 1 elev under ikkje delteke på prøva i rekning, og melder at talet er rett. **Trones skole** svarer at 1 elev som står registrert med ikkje delteke i rekning, skulle ha vore friteken. **Giske ungdomsskole** oppgir at 1 elev som ikkje deltok på prøva i lesing, er rett registrert. **Høyland ungdomsskole** oppgir at dei har 1 elev i lesing og 3 i rekning som ikkje deltok på prøvene. Dette er ei feilregistrering i lesing. **Lundehaugen ungdomsskole** oppgir at dei hadde 7 elevar som ikkje deltok på prøvene. Dette er ikkje registrert i PAS. **Lurahammaren ungdomsskole** svarer at 1 elev skulle ha vore ført som ikkje delteke grunna permisjon i prøveperioden. **Riska ungdomsskole** oppgir at 2 elevar skulle ha vore registrert som ikkje deltekne i rekning.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at skolane registrerer rett tal i PAS på elevar som ikkje tek del i prøvene, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd

Rettsleg krav 13. Skolen gir fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva i ettertid, jf. forskrift § 2-4, 1. ledd

Dokumentasjon

Aspervika og Trones skole, og Giske, Lurahammaren og Riska ungdomsskolar melder at elevane fekk høve til å ta prøva seinare. **Kyrkjevollen skole** hadde ingen elevar som ikkje deltok på prøva. **Stangeland skole** sin elev som ikkje deltok, var ikkje tilbake på skolen før

fristen for registreringa i PAS var ute. **Austrått skole og Høyland og Lundehaugen ungdomsskoler** gav ikkje elevane høve til å ta prøva seinare.

Vurdering

Sandnes kommune har ikkje sikra at alle skolane gir fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva seinare, jf. forskrift § 2-4, 1.ledd.

3.3.3 Konklusjon

Sandnes kommune har ikkje sikra at skolane handterer fråvær i samsvar med lova.

Dei undersøkte skolane oppfyller samla sett *ikkje* følgjande kontrollpunkt knytt til fråvær:

- Skolane registrerer rett tal i PAS på elevar som ikkje tek del i prøvene
- Skolen gir fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva i ettertid.

3.4 Resultatregistrering

For å gi gyldig og påliteleg informasjon til skole, kommune, regionalt og nasjonalt nivå, må skolen gjere korrekte registreringar i PAS. Dette gjeld også resultatata. Resultata for alle elevar som har teke del i prøvene, skal registrerast. Registreringa skal gjerast innan fastsette fristar. I tilsynet kontrollerer Fylkesmannen at skolane har registrert resultatata for alle elevane som har gjennomført prøva i lesing.

3.4.1 Rettsleg krav

14. Skolen registrerer resultat i lesing for alle elevar som ikkje er fritekne eller fråverande, jf. forskr § 2-4, 1. ledd

3.4.2 Dokumentasjon og vurdering

Aspervika og Kyrkjevollen skoler har ingen elevar utan resultatregistrering. **Austrått og Stangeland skoler** har ikkje registrert resultatata frå NP i lesing innan fristen. **Trones skole** har 3 manglande resultatregistreringar i lesing. Dei svarer at desse elevane skulle ha vore registrert under "fritekne". **Giske ungdomsskole** har 42 manglande resultatregistreringar i lesing grunna innloggingsproblem og manglande registrering før fristen. **Høyland ungdomsskole** har 1 elev utan resultatregistrering i lesing . Eleven var fråverande på

prøvedagen og skulle ha vore registrert under ikkje delteke. **Lundehaugen ungdomsskole** har 7 manglande resultatregistreringar. Desse skulle ha vore registrerte som ikkje deltekne.

Lurahammaren ungdomsskole svarer at 1 elev skulle ha vore ført som "ikkje delteke" grunna permisjon i prøveperioden. I staden blei dette ståande som ein manglande resultatregistrering. **Riska ungdomsskole** melder at 2 manglande resultatregistreringar i lesing skuldast at elevane skulle ha vore registrerte som fritekne.

3.4.3 Konklusjon

Sandnes kommune har ikkje sikra at skolane registrerer resultat i lesing for alle elevar som ikkje er fritekne eller fråverande.

4 Pålegg om endring

Som nemnt i avsnitt 2.1 har kravet til forsvarlege system på dette området, jf. oppl § 13-10, 2.ledd, ikkje blitt undersøkt direkte i tilsynet. Tilsynet si gransking av skolane knytt til dei 14 rettslege krava/kontrollpunkta gjev likevel grunnlag for å vurdere om kommunen har eit *fungerande* forsvarleg system på tilsynstemaet.

Eit forsvarlig system skal vere eigna til å førebyggje, oppdage og handtere lovbrøt på alle kommunen sine skolar. På grunnlag av konklusjonane som kjem fram i kapittel 3, jf avsnitta 3.1.3, 3.2.3, 3.3.3 og 3.4.3, blir det lagt til grunn at Sandnes kommune ikkje har eit forsvarleg system for å sikre at krava i forskrift til oppl § 2-4 og forvaltningslova blir oppfylde, jf. oppl § 13-10, 2.ledd.

Fylkesmannen gir på bakgrunn av dette følgjande pålegg om endring:

Sandnes kommune blir pålagt å etablere eit forsvarleg system for å sikre at nasjonale prøver blir gjennomførde i samsvar med reglane i forskrift til oppl § 2-4 og forvaltningslova, jf. oppl § 13-10, 2.ledd.

På bakgrunn av tilsynsresultata er det viktig at systemet sikrar at skolane:

1. Melder opp alle elevane på det aktuelle trinnet i PAS

2. Praktiserer fritak frå nasjonale prøver i samsvar med lov, medrekna:

- Registrerer i PAS rett tal elevar som er fritekne
- Informerer, før fritaksvedtak blir gjort, om retten til å krevje deltaking
- Gir føresette høve til å uttale seg om saka før vedtak blir gjort
- Gjer skriftlege enkeltvedtak om fritak
- Gjer enkeltvedtak om fritak og viser til rett heimel
- Fritek berre elevar som har vedtak om spesialundervisning etter oppl kap 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8
- Gjer enkeltvedtak om fritak og viser til at eleven får spesialundervisning etter oppl kap. 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8
- Gjer enkeltvedtak om fritak og viser til ei individuell vurdering av om det er klart at prøva ikkje vil ha mykje å seia for opplæringa av eleven
- Vedtaket skal vere klart med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå
- Gjer enkeltvedtak som inneheld informasjon om retten til å krevje deltaking

3. Handterer fråvær i samsvar med lov, medrekna:

- Registrerer i PAS rett tal elevar som ikkje har delteke
- Gir fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva i ettertid

4. Registrerer resultat i lesing for alle elevar som ikkje er fritekne eller fråverande

Kommunen pliktar å retta seg etter Fylkesmannen sine pålegg straks, uavhengig av fristen for tilbakemelding nedanfor eller eventuell klagebehandling.

Tilsynsrapporten gjeld resultat knytt til det aktuelle tilsynstemaet. Vi tek atterhald om at det kan vere brot på lovkrav relatert til dei undersøkte tema som ikkje har blitt avdekka i dette tilsynet. Vi vil streke under at tilsynet ikkje inneber ei heilskapsvurdering av kommunen/skolane.

5 Oppfølging

Kommunen skal som ein del av oppfølginga av Fylkesmannen sine pålegg innan 20.08.2011 gi tilbakemelding om at pålegg om endring er gjennomført, og ei kort omtale av korleis dette er gjort.

Det kan bli aktuelt å gjennomføre eit nytt tilsyn for å vurdere om endringane er sette i verk.

6 Klagerett

Denne tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b og kan klagast inn til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker etter at vedtaket er motteke, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. For reglar om utforming av klage, viser vi til same lov, § 32.

Aud Selnes

seniorrådgivar/tilsynsleiar

Una Bjørnseth Wereide

rådgivar

Margot Bergesen

rådgivar

VEDLEGG I. Dokumentgrunnlag for tilsynet

Nedanfor følger ei oversikt over dokumenta som er mottekne frå skolane og eventuelt kommunen.

Kommunen sentralt:

Brev av 14. februar 2011 vedlagt:

- Dokument frå Aspervika skole
- Dokument frå Austrått skole
- Dokument frå Kyrkjevollen skole
- Dokument frå Stangeland skole
- Dokument frå Trones skole
- Dokument frå Giske ungdomsskole
- Dokument frå Høyland ungdomsskole
- Dokument frå Lundehaugen ungdomsskole
- Dokument frå Lurahammaren ungdomsskole
- Dokument frå Riska ungdomsskole

Aspervika skole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om fritak frå nasjonale prøver
- Vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringsloven § 5-1, skoleåret 2010-2011
- Vedtak om særskilt språkopplæring, jf. opplæringsloven § 2-8 for skoleåret 2010/2011
- SNO kartlegging: Oppsummerande vurdering
- Tabell: Innføringsklassane på Aspervika skole

Austrått skole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleår 2010-2011
- Enkeltvedtak - særskilt språkopplæring - opplæringsloven § 2-8 skoleåret 2010/2011

Kyrkevollen skole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Informasjon om nasjonale prøver og fritak
- Anbefaling om fritak frå nasjonale prøver 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleåret 2010-2011
- Vedtak om særskilt språkopplæring, jf. opplæringsloven § 2-8

Stangeland skole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010

Trones skole:

- Brev om oversending av dokumentasjon i samband med tilsyn
- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleåret 2010-2011
- Midlertidig vedtak om spesialundervisning for skoleåret 2010/2011
- Oppretthalding av vedtak om spesialundervisning

Giske ungdomsskole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om fritak frå plikta til å delta i nasjonale prøver 2010
- Sak. Fritak frå deltaking på dei nasjonale prøvene hausten 2010

Høyland ungdomsskole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Fritak frå deltaking på dei nasjonale prøvene hausten 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleår 2010-2011
- Melding om enkeltvedtak om særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar skoleåret 2010/2011

Lundehaugen ungdomsskole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleår 2010-2011

Lurahammaren ungdomsskole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om fritak frå plikta til å delta idei nasjonale prøvene 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleår 2010-2011

Riska ungdomsskole:

- Utfylt skjema med svar på spørsmål om gjennomføring av nasjonale prøver hausten 2010
- Vedtak om fritak frå nasjonale prøver 2010
- Vedtak om spesialundervisning for skoleår 2010-2011
- Vedtak om særskilt språkopplæring, jf. opplæringsloven § 2-8, for skoleåret 2010-2011

Vedlegg II. – Resultat

Oppsummering av resultatata frå tilsynet i Sandnes kommune

TEMA	RETTSKRAV/KONTROLLSPØRSMÅL	Aspervika SKOLE	Austrått SKOLE	Kyrkjevollen SKOLE	Stangeland SKOLE	Trones SKOLE	
Påmelding	1. Skulen melder opp i PAS alle elevane på det aktuelle trinnet	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	
Fritak	2. Skulen registrerer i PAS rett tal elevar som er fritekne	Nei	Nei	Ja	Ja	Nei	
	3. Før fritaksvedtak vert fatta, informerer skulen om retten til å krevja deltaking	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei	
	4. Skulen gjer det mogeleg for føresette å uttala seg om saka før vedtak vert fatta	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei	
	5. Skulen fattar skriftlege enkeltvedtak om fritak	Ja/delvis	Nei	Nei	Nei	Nei	
	6. Vedtaka viser til rett heimel (forskrift til oppll § 2-4)	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	
	7. Skulen fritek berre elevar som har vedtak om spesialundervisning etter oppll kap 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	
	8. Vedtaket viser til at eleven får spesialundervisning etter oppll kap 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	
	9. Vedtaket viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva / prøvene ikkje vil ha mykje å seia for opplæringa av eleven. Det skal gjerast ei vurdering for kvar prøve	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	
	10. Vedtaket er tilstrekkeleg klart med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	
	11. Vedtaket inneheld informasjon om retten til å krevja deltaking	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	
Fråver	12. Skulen registrerer i PAS rett tal elevar som ikkje deltek	Ikkje relevant	Nei	Ikkje relevant	Ja	Nei	
	13. Skulen gjev fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva opp att	Ja	Nei	Ikkje relevant	Nei	Ja	

TEMA	RETTSKRAV/KONTROLLSPØRSMÅL	Aspervika SKOLE	Austrått SKOLE	Kyrkjevollen SKOLE	Stangeland SKOLE	Trones SKOLE	
Resultatregistrering	14. Skulen registrerer resultat i lesing for alle elevar som ikkje er fritekne eller fråverande	Ikkje relevant	Nei	relevant			

Vedlegg II. – Tilsynsresultat

Oppsummering tilsynsresultat: Sandnes kommune

TEMA	RETTSKRAV/KONTROLLSPØRSMÅL	Giske UNGDOMS-SKOLE	Høyland UNGDOMS-SKOLE	Lundehaugen UNGDOMS-SKOLE	Lura-hammaren UNGDOMS-SKOLE	Riska UNGDOMS-SKOLE	
Påmelding	1. Skulen melder opp i PAS alle elevane på det aktuelle trinnet	Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	
Fritak	2. Skulen registrerer i PAS rett tal elevar som er fritekne	Nei	Nei	Ja	Ja	Nei	
	3. Før fritaksvedtak vert fatta, informerer skulen om retten til å krevja deltaking	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	
	4. Skulen gjer det mogeleg for føresette å uttala seg om saka før vedtak vert fatta	Ja	Ja	Ikkje relevant	Ja	Ja	
	5. Skulen fattar skriftlege enkeltvedtak om fritak	Nei	Ja/delvis	Ikkje relevant	Ja/delvis	Ja	
	6. Vedtaka viser til rett heimel (forskrift til oppll § 2-4)	Nei	Ja	Ikkje relevant	Nei	Ja	
	7. Skulen fritek berre elevar som har vedtak om spesialundervisning etter oppll kap 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8	Nei	Nei	Ikkje relevant	Ja	Nei	
	8. Vedtaket viser til at eleven får spesialundervisning etter oppll kap 5 eller vedtak om særskild språkopplæring etter § 2-8	Nei	Nei	Ikkje relevant	Ja	Ja	
	9. Vedtaket viser ei individuell vurdering av at det er klart at prøva / prøvene ikkje vil ha mykje å seia for opplæringa av eleven. Det skal gjerast ei vurdering for kvar prøve	Nei	Nei	Ikkje relevant	Ja/delvis	Nei	

TEMA	RETTSKRAV/KONTROLLSPØRSMÅL	Giske UNGDOMS- SKOLE	Høyland UNGDOMS- SKOLE	Lundehaugen UNGDOMS- SKOLE	Lura- hammaren UNGDOMS- SKOLE	Riska UNGDOMS- SKOLE	
	10. Vedtaket er tilstrekkelig klart med omsyn til kva prøver det er gjort fritak frå	Nei	Ja	Ikkje relevant	Ja	Ja	
	11. Vedtaket inneheld informasjon om retten til å krevja deltaking	Nei	Ja	Ikkje relevant	Ja	Ja	
Fråver	12. Skulen registrerer i PAS rett tal elevar som ikkje deltek	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	
	13. Skulen gjev fråverande på prøvedagen høve til å ta prøva opp att	Ja	Nei	Nei	Ja	Ja	
Resultatregistrering	14. Skulen registrerer resultat i lesing for alle elevar som ikkje er fritakne eller fråverande	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	

